



Bilete syner MS RICHARD WITH (1993) til kai i Tromsø, systemskip til MS NORDLYS (1994)

Frank Steinsletten, Kjetil Hauge og sonen Joakim Hauge frå BKS industri er om bord på hurtigruta NORDLYS for oppdrag med å dela av rom på bildekket. Skipet ligg for tida i dokk på Fosen Yard i Trøndelag. Arbeidet er rekna å vera ferdig til neste helg. På seglingsplanen er MS NORDLYS klar for å gå inn i rute frå Bergen søndag 29. januar.

På ein dårleg telefon frå Fosen fortel Frank Steinsletten at i tillegg til han sjølv, Kjetil og Joakim, så har BKS med polske skipsarbeidarar. Oppdraget deira vert rekna som stålarbeid. Med avreise frå Bergen på onsdag i fire tida gjekk hurtigruteskipet NORDLYS direkte til Fosen og var framme dagen etter i 14 tida. Det var dårleg ver på Stad, men elles gjekk reisa fint. Arbeidsgruppa frå Uskedalen har bil med på bildekket. Det er uvisst om dei skal fylgja med skipet tilbake til Bergen, eller om det vert retur med eigen bil.

MS NORDLYS vert rekna som mellomgenerasjonen av hurtigruter, bygd i 1994 på det tyske verftet i Volkswerft i Stralsund. MS NORDLYS har ei lengde på 121 meter og er sertifisert for 622 passasjerar og 37 bilar.

Tekst/foto//nett: Kristian Bringedal